

## Vedtekter for Kveik AS

### §1.

#### **Selskapet sitt namn.**

Selskapet sitt namn skal vera Kveik AS og skal ha forretningskontor i Voss kommune.

### §2.

#### **Føremål.**

Med ein inkluderande og open kultur skal me skapa grunnlag for attføring av arbeidstakrar, og dessutan etablira berekraftige tiltakspllassar, slik at alle samfunnsbevisste aktørar i arbeidslivet, pårørande og samfunn ser verdien i vårt arbeid.

### §3.

#### **Aksjekapital.**

Aksjekapitalen er kr 2.785.000 fordelt på 2785 aksjar a kr 1.000,- og lyder på namn.

Aksjane kan ikkje seljast eller overdragast utan godkjenning av styret.

Overskotet i selskapet skal vera i verksemda og skal disponerast til føremål som styrkjer drifta.

### §4.

#### **Dagleg leiar.**

Selskapet vert leia av ein adm. direktør.

Adm. direktør rapporterer til styret.

Adm. direktør har den daglege leiinga av selskapet og er overordna alle tilsette i selskapet.

Den daglege leiinga gjeld ikkje saker som etter selskapet sine tilhøve er av uvanleg art eller av stor betydning. Slike saker skal leggjast fram for styret.

Adm. direktør skal gje tilråding i dei saker som vert lagt fram for styret.

Adm. direktør sine oppgåver går ellers fram av aksjelova sine reglar og instruks for dagleg leiar.

## §5.

### **Styret.**

Selskapet sitt styre skal ha 5 medlemer med inntil 2 varamedlemer. 4 av medlemene med inntil 1 varamedlemer vert valt av generalforsamlinga og 1 av medlemene med varemedlem vert valt av dei tilsette i selskapet.

Styremedlemer og varemedlemer tenestegjer i to år, slik at tenestetida opphører ved avslutning av den ordinære generalforsamlinga.

Ein representant for NAV skal kallast inn til styremøte og kan ta del i møte utan røysterett.

Styret sin leiar teiknar selskapets firma. Det same gjeld to styremedlemer i fellesskap.

Styret tilset adm.direktør og fastset lønsvilkår og instruks for stillinga.

Styret har forvaltningsansvaret for selskapet og gjer vedttak som gjeld vesentlege investeringar og omstruktureringar. Styret gjev tilråding til generalforsamlinga om korvidt resultatrekneskap med balanse bør godkjennast.

Saker om inntak og utskriving av arbeidalar vert gjort av eit eige utval som er sett saman slik:

- Attføringsansvarleg
- Representant frå Bedriftshelsetenesta
- Representant frå NAV
- Dagleg leiar

Styret sitt ansvar og arbeidsområde er ellers regulert i aksjelova og styreinstruks.

## §6.

### **Generalforsamling.**

Ordinær generalforsamling vert halden innan 6 månader etter kvart rekneskapsår. Dagleg leiar og styreleiar skal vera til stades på generalforsamlinga. Andre styremedlemer kan ta del i møtet.

Aksjeeigarane skal i god tid gjerast kjend med dato for generalforsamlinga slik at eventuelle framlegg kan sendast ut av styret minst ei veke før generalforsamlinga.

Saker som ikkje står på sakslista kan ikkje avgjera av generalforsamlinga utan at alle aksjeeigarane gjev sitt samtykke.

Fylgjande saker skal førehavast og avgjerast:

1. Årsrekneskap og styret si årsmelding, samt framlegg til disponering av årsoverskot eller dekning av underskot.
2. Revisjonsmelding
3. Val av styre
4. Val av styreleiar
5. Val av valnemnd
6. Vedtektsendringar
7. Fastsetjing av godtgjersle til styre og revisor.
8. Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer under generalforsamlinga.

Omfram generalforsamling skal haldast når styret finn det naudsynt eller når aksjeeigar som representerer 1/10 av aksjekapitalen eller revisor krev det.

I innkallinga til omfram generalforsamling skal styret gjera greie for grunnane til at møtet vert tillyst.

Innkallinga skal vera skriftleg med minst ei vekes varsel.

#### **§7.**

#### **Oppløysing av selskapet.**

Oppløysing av selskapet skal gjerast av generalforsamlinga med minst 2/3 av den representerte aksjekapitalen.

Dersom vedtak om oppløysing vert gjort skal generalforsamlinga velja eit avskipingsstyre som i avviklingsperioden tek over dagleg leiar og styret sin funksjon.

Ved oppløysing av selskapet skal innbetalt aksjekapital tilbakebetalast til aksjonærane. Resterande nettoformue skal gå til føremål som tilgodeser målgrupper som har trøng for attføring.

#### **§8.**

#### **Aksjelova.**

For selskapet si verksemد gjeld elles aksjelova med føresegner.